



Bacheloroppgåve

ADM650 Jus og administrasjon

Kva påverkar valoppslutninga i Noreg ved stortingsval?

Per-Ivar Kvalsvik

Samla sidetal, inkludert framsida: 27

Molde, 23. Mai 2018



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høgskole i logistikk

Obligatorisk eigenerklæring/gruppeerklæring

Den enskilde student er sjølv ansvarleg for å setje seg inn i kva som er lovlege hjelphemiddel, retningsliner for bruk av desse, samt reglar om kjeldebruk. Erklæringa skal gjere studentane merksame på ansvaret dei har og kva slags konsekvenser fusk kan føre til. Manglande erklæring fritek ikkje studentane ansvaret dei har.

<i>Du/de fyller ut erklæringa ved å klikke på ruta til høgre for den enskilde del 1-6:</i>	
1.	Eg/vi erklærer med dette at oppgåva mi/vår er mitt/vårt eige arbeid og at eg/vi ikkje har brukt andre kjelder og ikkje har motteke anna hjelp enn det som er nemnt i oppgåva. <input checked="" type="checkbox"/>
2.	Eg/vi erklærer vidare at denne oppgåva: <ul style="list-style-type: none">• ikkje har vore brukt til annan eksamen ved anna avdeling/universitet/høgskole innanlands eller utanlands.• ikkje refererer til andre sitt arbeid utan at det er oppgitt.• ikkje refererer til eige tidlegare arbeid utan at det er oppgitt.• har alle referansar oppgitt i litteraturlista.• ikkje er ein kopi, duplikat eller avskrift av andre sitt arbeid eller oppgåve. <input checked="" type="checkbox"/>
3.	Eg/vi er kjende med at brot på punkta ovanfor er å betrakte som fusk og kan føre til annullering av eksamen og utestenging frå universitet og høgskular i Norge, jf. Universitets- og høgskoleloven §§4-7 og 4-8 og Forskrift om eksamen §§14 og 15. <input checked="" type="checkbox"/>
4.	Eg/vi er kjende med at alle innleverte oppgåver kan bli plagiatkontrollerte i Ephorus, sjå Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver <input checked="" type="checkbox"/>
5.	Eg/vi er kjende med at høgskulen vil handsame alle saker der det ligg føre mistanke om fusk etter høgskulen sine retningslinjer for behandling av saker om fusk <input checked="" type="checkbox"/>
6.	Eg/vi har gjort oss kjende med reglar og retningsliner ved bruk av kilder og referanser på biblioteket sine nettsider <input checked="" type="checkbox"/>

Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Rettleiar: Beinta Jakupsstovu

Fullmakt til elektronisk publisering av oppgåva

Forfattar(ane) har opphavsrett til oppgåva. Det inneber mellom anna einerett til å gjere verket tilgjengeleg for allmenta (Åndsverklova §2).

Alle oppgåver som oppfyller kriteria vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfattar(ane) si godkjenning.

Oppgåver som er unntake offentlegheita eller bandlagt vil ikkje bli publisert.

**Eg/vi gir hermed Høgskolen i Molde ein vederlagsfri rett
til å gjere oppgåva tilgjengeleg for elektronisk publisering:**

ja nei

Er oppgåva bandlagt (konfidensiell)?

(Bandleggingsavtale må fyllast ut)

- Dersom ja:

Kan oppgåva publiserast når bandleggingsperioden er slutt?

ja nei

Er oppgåva unntake offentlegheita?

(inneheld tausheitsbelagt informasjon. Jfr. Offl. §13/Fvl. §13)

ja nei

Dato: 23.05.2018

Antall ord: 7005

Føreord

Denne oppgåva er skrive i mitt siste semester på studiet Jus og Administrasjon ved Høgskolen i Molde. Dette har vore svært lærerike og artige år, der eg nok har vakse mykje både i kunnskap og som person.

Val og demokrati har alltid interessert meg, og det gav meirsmak når vi hadde tema som omhandlar dette på pensum. På grunn av mi naturlege interesse for dette emnet så gjekk tankane fort dit når eg skulle bestemme meg for kva eg ville skrive om i bacheloroppgåva. Valet fall på å skrive om valoppslutning og faktorar som påverkar åferda til veljarane, og eg har ikkje angra! Det har vore svært lærerikt å få fordjupe seg i dette emnet, samtidig som det er utfordrande og kjekt å avslutte bachelorgraden med ei så stor sjølvstendig oppgåve. Ein kan sjølvsagt skrive mykje meir om dette temaet enn det som får plass i ei slik oppgåve, men eg har forsøkt å halde fokus med ei «raud tråd» gjennom oppgåva etter beste evne.

Eg må til slutt takke alle som ha kome med hjelp undervegs, spesielt min rettleiar Beinta Jakupsstovu som har vore som ei «vitamininnsprøyting» der eg alltid gjekk frå rettleiing med eit smil. Ho har også vore svært hjelksam med lån av, og tips om aktuelle faglege kjelder.

Per-Ivar Kvalsvik

Molde 23.05.18

Samandrag

Oppgåva handlar om faktorar som har betydning for valoppslutninga i Noreg ved stortingsval. Den nyttar to modellar som er utarbeida a statsvitaren Pippa Norris, for å utdjupe dette

Fyrste del er ei utgreiing om styreforma i Noreg og kva rolle stortingsvalet spelar for statsmakta, før eg går vidare på kvifor valoppslutning er viktig.

Vidare kjem dei to modellane kvar for seg med presentasjon av kvar modell, og seinare og drøfting.

Båe modellane har fokus på kva som påverkar veljaråtferd, og dermed kva som får folk til å røyste.

Til slutt vert oppgåva avslutta med ei samanstilling og avklaring av kva som har kome fram i oppgåva.

Nøkkelord

Stortingsval, valoppslutning, veljaråtferd, rasjonell åtferd, kulturprega åtferd.

Innhold

1.0 Innleiing	1
2.0 Det representative demokrati og den parlamentariske styringskjede	1
2.1 Den parlamentariske styringskjede.....	2
2.2 Valoppslutning	4
3.0 Pippa Norris' to modellar for veljarmobilisering	5
3.1 Rasjonell åtferd.....	5
3.1.1 Presentasjon av modell.....	5
3.1.2 Forklaring og drøfting	6
3.2 Kulturprega åtferd	15
3.2.1 Presentasjon av modell.....	15
3.2.2 Forklaring og drøfting	17
4.0 Avslutning	20
Kjelder.....	21

Figurar

Figur 1	Modell for rasjonell åtferd	5
Figur 2	Modell for kulturprega åtferd	15

1.0 Innleiing

Målet med denne oppgåva er å diskutere faktorar som kan påverke veljaroppslutninga ved stortingsval. Korleis vert veljarane mobiliserte til å røyste? Og kvifor er stortingsvalet og valoppslutninga ved stortingsval viktig? For at ein skal kunne forstå dette, så vil eg først greie ut litt om demokrati, maktfordelingsprinsippet og den parlamentariske styringskjeda, slik at lesaren får eit bilde av kva rolle stortingsvalet har for statsmakta i Noreg i dag.

Vidare vil eg nytte to modellar for å svare på problemstillinga og forklare veljarmobilisering. Modellane er utarbeida av statsvitaren Pippa Norris (2004), eg vil drøfte momenta i desse modellane opp mot valoppslutning.

Problemstillinga i oppgåva er:

Kva påverkar valoppslutninga i Noreg ved stortingsval?

2.0 Det representative demokrati og den parlamentariske styringskjede

Styreforma som Noreg har i dag vert kalla demokrati, dette ordet kjem frå gresk og tyder «styre ved folket», eller folkestyre (Thorsen, Svensson og Hovde 2018). Ein har altså ei styreform der folket skal styre. I tidlegare tider vart omgrepene demokrati ofte knytt tett opp mot meir direkte og kontinuerlege former for deltaking som allmøte, folkerøysting og representasjon i utval. Utrykket demokrati i denne forma vart først nytta til å beskrive styreforma i enkelte greske bystatar i antikkens Hellas som vart skildra av klassiske greske tenkarar som til dømes Aristoteles (384-322 f.Kr.) (Grindheim, Heidar og Strøm 2018).

Men i dag vert ordet oftast forbunde med det ein kallar representativt demokrati, som er den mest vanlege styreforma i den vestlege verda i dag. Sjølv om ein kan organisere representativ demokrati gjennom tilfeldig utval (loddtrekning), og ein i varierande grad finn innslag av direkte demokrati gjennom folkeavstemmingar, så er det mest vanlege

representasjon gjennom val. I denne styreforma vel borgarane representantar til å styre på sine vegne for ei avgrensa periode. Sidan representantane vert valde for ei avgrensa periode, så har veljarane moglegheit til å endre meinинг og stemme på nokon andre ved neste val, dermed har valet funksjon som kontrollmekanisme, der ein kan avsetje dei som sit med makta dersom ein ikkje er fornøgd. Det er denne typen styreform som er mest vanleg å forbinde med uttrykket demokrati i dag. Slik ser ein at uttrykket har utvikla seg, og til ei viss grad vorte forandra gjennom tida (Grindheim, Heidar og Strøm 2017; Narud og Valen 2007).

Sjølv om representativt demokrati er felles for mange land i dag, så er det mange ulike måtar å organisere dette på, slik Grindheim, Heidar og Strøm (2017 s.13) så godt sett ord på det «Alle demokratier er demokratier på sin måte – også det norske». Ein finn mange eksempel i historia på statar som hevdar å vere demokratiske, men som mange vil hevde er ikkje fungerande demokrati eller i realiteten er autokrati eller diktatur. Døme på dette kan vere dagens Kviterussland, tidlegare austeuropeiske statar som DDR, eller dagens Russland der mange hevdar at valordninga er svak og prosessen rundt teljing av stemmer har for lite openheit og dermed gjer det mogleg med valfusk og korruption (Grindheim, Heidar og Strøm 2017).

2.1 Den parlamentariske styringskjede

Statsmakta i Noreg er organisert etter det ein kallar maktfordelingsprinsippet, som baserer seg på ei tredeling av makt der ulike statlege organ har tildelt ulike delar av statsmakta. Dette har heimel i Grunnlova (1814) og fordeler seg slik:

Utøvande makt – «Den utøvande makta er hos kongen»(§3) I praksis regjeringa som er utnemnd av kongen.

Lovgjevande makt – «Folket utøver den lovgevande makta gjennom Stortinget.»(§49)

Dømmande makt – «Høgsterett dømmer i siste instans.»(§88) Den dømmande makta ligg hjå domstolane.

Maktfordelingsprinsippet i denne forma er inspirert av kjende filosofar som John Locke (1632-1704) og Charles Montesquieu (1689-1755). Det baserer seg på tanken om at ei fordeling av makta skapar ei balanse der dei statlege organa har ein kontrollfunksjon

ovanfor kvarandre, og dermed hindrar maktmis bruk. Desse tankane kom som ei motsetning til eineveldet som på denne tida framleis var den dominante styreforma i Europa, og har vore til inspirasjon for grunnlovene og den statlege organiseringa til mange av dei liberale demokratia vi ser i dag (Østerud 2014; Grindheim, Heidar og Strøm 2017).

Med innføringa av parlamentarismen på slutten av 1800-talet vart skiljet mellom den lovgjevande og utøvande makta viska ut. Tidlegare hadde regjeringa først og fremst vore ansvarlege og lojale mot Kongen, og støtta kongelege veto ovanfor Stortinget. Men innføringa av parlamentarismen førte til at Stortinget fekk moglegheit til å avsetje regjeringsmedlemmer gjennom mistillitsvotum. Dermed vart norske regjeringar avhengig av å ha tillit hjå eit fleirtal av Stortinget. Dette har ført til den modellen ein ser i dag der regjeringa har sitt utspring frå fleirtalet på Stortinget. Det mest vanlege i Noreg er at eit parti ikkje har fleirtal åleine, dermed får ein ofte koalisjonsregjeringar bestående av fleire parti. Det finns to typar koalisjonsregjeringar; fleirtals- og mindretalskoalisjon. I ein fleirtalskoalisjon er regjeringa samansett av ulike parti som til saman har 85 eller fleire av dei 169 representantane på Stortinget, medan regjeringa i ein mindretalskoalisjon har 84 eller færre av dei 169 representantane, og slike regjeringar har dermed ikkje fleirtal åleine, men er avhengig av støtte frå andre parti for å få igjennom saker. Ein kan få støtte frå ulike parti i kvar enkelt votering, men ein er avhengig av å ikkje få fleirtalet mot seg for å få ting gjort, og å hindre mistillit (Østerud 2014; Narud og Valen 2007).

Dermed har innføringa av parlamentarismen ført til at Stortingvalet ikkje berre legg føringar for samansetninga av Stortinget - den lovgjevande makta, men også samansetninga av regjeringa – den utøvande makta. Dette vert kalla den parlamentariske styringskjeda. Den parlamentariske styringskjeda er ei kjede av delegert makt gjennom fleire ledd. Kjeda byrjar med folket – kvar enkelt veljar som delegerer makt til Stortinget ved si stemme i Stortingsvalet. Stortinget delegerer makt til regjeringa, med statsministeren som leiar. Statsministeren delegerer makt til sine statsrådar som får i oppgåve å styre og delegere makt innan for departementa. I tillegg til å vere ei kjede av delegert makt, så er den parlamentariske styringskjeda og ei kjede av ansvar, der ein kan haldast ansvarleg og måtte gå av dersom dei som har delegert makta til deg ikkje er fornøgd med jobben som vert gjort. Som påpeika i avsnittet om demokrati, så fungerer Stortingsvalet som kontrollmekanisme - veljarane har moglegheita til å bytte ut Stortingsmedlemmer ved neste val. Denne kontrollmekanismen strekkjer seg òg vidare gjennom den parlamentariske

styringskjeda, Stortinget kan avsetje regjeringar (eller enkeltstatsrådar) som har mista tillit, og statsministeren/regjeringa kan avsetje statsrådar eller avvikle/opprette departement (Narud og Valen 2007; Østerud 2014; Grindheim, Heidar og Strøm 2017).

2.2 Valoppslutning

Valoppslutning, oppslutninga rundt eit val, eller valdeltaking, er kort fortalt ei oversikt over kor mange av dei som har rett til å stemme som nytta seg av stemmeretten og gav si stemme ved det enkelte valet. Stemmeretten ved stortingsval i Noreg har heimel i Grunnlova (1814) og Valgloven (2002), og gjeld i dag kort sagt for alle norske statsborgarar som vil ha fylt 18 år innan utgangen av det aktuelle valåret, med nokre unntaksreglar (sjå §2-1 Vallova 2002).

Valoppslutning vert vanlegvis lagt fram i form av prosent, der 100% vil seie at alle med stemmerett gav si stemme og 0% vil seie at ingen gav si stemme. Til dømes var valoppslutninga ved førre stortingsval i Noreg(2017) 78,2% av alle med stemmerett (Statistisk Sentralbyrå 2017).

Valoppslutninga er viktig for legitimiteten til eit val, og til det organet som vert vald. I avsnittet om demokrati viste vi korleis demokrati tyder folkestyre og at dei som styrer landet dermed skal ha fleirtalet av folket i ryggen når ein tek avgjersler. Men ein kan ha vanskeleg for å hevde å ha fleirtalet av folket i ryggen dersom valoppslutninga er lav. Om til dømes oppslutninga til eit val berre er 50% så vil fleirtalet av dei som stemmer berre vere 26% av alle med stemmerett. Lav valoppslutning kan vere eit teikn på lav tillit til politikarar og statsforvaltinga; ein kan tenkje seg at motivasjonen for å røyste vert lav dersom ein ikkje stolar på dei partia eller kandidatane om står på val, eller føler at ein innbyggjar føler at si røyst ikkje vil gjere ein forskjell. Men på ei anna side kan ein hevde at lav oppslutning er eit teikn på at innbyggjarane stort sett er fornøgde, og at innbyggjarar vert mest politisk engasjerte av ting som dei er misnøgde med. I alt kan det vere svært mange grunnar til at innbyggjarar avstår frå å røyste, dette kan også vere praktiske grunnar som därleg vær på valdagen eller kødanning ved vallokalet, men det er klart at ei viss oppslutning rundt val er viktig for legitimiteten til både prosessen rundt valet, og for dei som vert valde; i denne samanheng Stortinget og derav regjeringa(Østerud 2014).

3.0 Pippa Norris' to modellar for veljarmobilisering


For å sjå på kva som mobiliserer innbyggjarar til å røyste vil eg bruke to modellar som er utarbeida av Pippa Norris (2004). Den eine modellen legg til grunn at politiske aktørar som politiske parti, politikarar og veljarar handlar rasjonelt, og tek val på grunnlag av valordninga og dei formelle valreglane. Den andre modellen legg vekt på moderniseringa av den politiske kulturen som grunnlag for veljarmobilisering. Altså at kultur og identitet er grunnlag for om innbyggjarar tek del i den politiske prosessen, kontra rasjonell åtferd med tanke på eigeninteresser basert på insentiv.

3.1 Rasjonell åtferd

Denne modellen legg til grunn at politiske aktørar handlar rasjonelt for eiga vinning ut i frå dei insentiva som valordninga legg grunnlaget for. Eg vil fyrst vise dei ulike delane av modellen kort slik Norris (2004 s.8-9) beskriv dei, før eg vil forklare og diskutere delane opp mot stortingsval i Noreg.

3.1.1 Presentasjon av modell

Figur 1 (Norris 2004 s.8, omsett til nynorsk)



A1. Formelle valreglar (valordninga) formar incentiva som politiske aktørar (politiske parti, politikarar, veljarar osv.) kan dra nytte av.

A2. Politiske aktørar handlar rasjonelt på jakt etter størst mogleg oppslutning, og å få mest mogleg ut av stemmene. Dei vil respondere med strategisk åferd til insentiv i valordninga.

H3. Med grunnlag i dei formelle reglane tenkjer ein at:

H3.1. Basert på terskelen for få valt inn representantar så vel politiske parti strategiar for *brindging* eller *bonding*.

H3.2. Basert på strukturen i valordninga så vel politikarar strategisk kva type insentiv ein skal legge vekt på ovanfor veljarane, i form av valprogrammet som heilheit, eller fokus på enkeltsaker.

H3.3. Basert på valordninga så vel politiske parti strategisk om ein skal leggje vekt på å nominere kandidatar med ulik- eller homogen sosial bakgrunn til val.

4. Veljarar responderer til dei ulike strategiane som politiske aktørar rettar mot dei. Veljarane responderer også direkte på formelle reglar som påverkar deira rolle som innbyggjarar, dette får konsekvensar som vert tydelege om ein observerer masseåtfred.
5. Valordningar som ingeniørkunst (electoral engineering) – å endre dei formelle valreglane – har kapasitet til å generere store konsekvensar for utfallet av eit val, gjennom å endre den strategiske åferda til politikarar, politiske parti og innbyggjarar.

3.1.2 Forklaring og drøfting

A1. Formelle valreglar (valordninga) formar insentiva som politiske aktørar (politiske parti, politikarar, veljarar osv.) kan dra nytte av.

Dette punktet er fyrste del av modellen, det stadfestar at valordninga og dei formelle valreglane formar ramma for kva som mobiliserer innbyggjarane til å røyste. Dette går altså på dei faktiske handfaste konsekvensane av eit val. I samanheng med eit norsk stortingsval, så er hovudinsentivet at du frå vere med å bestemme kven av representantane frå din valkrets som kjem inn på stortinget, samt at den nasjonale oppslutninga til partiet

du røyster på er viktig for fordelinga av utjamningsmandat. På grunn av at ein ved norske stortingsval også vektar for antal kvadratkilometer i valkretsen så kan ein seie at dette incentivet er noko sterkare i valkretsar med stort areal og få innbyggjarar som til dømes Finnmark, og dermed noko mindre i folkerike valkretsar med mindre areal som Akershus og Oslo. Dette kjem av at ei røyst slik sett tel meir i Finnmark og kvar enkelt røyst får meir å seie for kven som kjem inn på Stortinget. Denne type incentiv kan også kome om det er venta svært låg valoppslutning i ein valkrets, sidan kvar stemme naturleg nok vil telje meir i prosent dersom det er få som stemmer, slik sett kan ein oppleve at låg valoppslutning i seg sjølv kan mobilisere til at oppslutninga vert høgare ved neste høve (Norris 2004; Østerud 2014).

Denne frreste delen av modellen er altså basisen for heile resten av modellens hypotese. Valordninga gjev i seg sjølv incentiv som får direkte effekt for dei rasjonelle handlingane til innbyggjarane, samtidig som den legg grunnlaget for fleire typar indirekte effektar som kjem av at politiske parti og politikarar responderer, og sett i gang eigne prosessar og strategiar for å mobilisere veljarar. Dermed er valordninga og dei formelle valreglane grunnlaget for all valoppslutning ved stortingsval (Norris 2004).

A2. Politiske aktørar handlar rasjonelt på jakt etter størst mogleg oppslutning, og å få mest mogleg ut av stemmene. Dei vil respondere med strategisk åtferd til incentiv i valordninga.

Denne delen av modellen er fyrste punkt på det ein definerer som indirekte effektar av valordninga. Med politiske aktørar i denne samanhengen talar ein om politiske parti og politikarar. Det er altså ikkje berre veljarane som handlar rasjonelt, men også dei andre politiske aktørane, som vil rette åtferda si strategisk mot å mobilisere veljarar til si sak. Det er klart at dei politiske partia og deira kandidatar spelar ei viktig rolle i det norske demokratiet som valalternativ der veljaren står fritt til å velje kven ein vil røyste på. Men sjølv om kvar enkelt politikar og parti berre jobbar for å mobilisere veljarar til si sak, så har dette stor innverknad på den totale valoppslutninga, sidan «alle» gjer det, vert summen av mobilisering til kvar enkelt politisk aktør dermed større total valoppslutning. Dette er eit kontinuerleg arbeid, som dei politiske aktørane driv med over fleire år. Men det vert spesielt tydeleg dei siste månadane før kvart stortingsval når dei politiske partia driv det

ein kallar valkamp, då vert denne strategiske åtferda intensivert og tilspissa i eit forsøk på å skape størst mogleg veljarmobilisering (Norris 2004; Østerud 2014).

Det er klart at det vil vere generaliserande å simplifisere synet på politiske aktørar til at dei berre handlar mot å mobilisere til oppslutning rundt seg og sitt parti. Sjølvsagt kan det vere mange grunnar til at ein er politisk engasjert og stiller til val, og enkelte politikarar og parti vil nok ha til dømes prinsipielle eller ideologiske saker dei ser på som viktigare å fokusere på enn å stadig jakte på fleire røyster. Men det ligg i sakens natur at sidan ein er avhengig av å bli vald for å få makt, og gjenvald for å behalde sin posisjon, så viser darwinistisk teori at dei som ikkje har fokus på oppslutning -i alle fall til ei viss grad, vil verte mindre vanleg sidan dei har mindre sjanse for å bli valde og gjenvalde. Denne delen av modellen antek ikkje noko konkret om kva type strategiar politiske aktørar vil nytte for å få makt, men at dei vil söke mot å få røyster og dermed valoppslutning (Norris 2004).

H3. Med grunnlag i dei formelle reglane tenkjer ein at:

Modellen viser tre kjernehypotesar for å forklare korleis politiske aktørar går fram for å mobilisere veljarar. Dei totale effektane av det desse tre hypotesane beskriv er altså det ein ser som indirekte effektar av reglar, og som i tur vil påverke veljarane sitt rasjonelle val. Her kjem hypotesane punktvis og viser korleis politikarar og politiske parti skapar indirekte effektar av valordninga.

H3.1. Basert på terskelen for å få valt inn representantar så vel politiske parti strategiar for bridging eller bonding.

Dette er den fyrste hypotesen av Norris (2014) sin modell, den går på at terskelen som valordninga sett for korleis ein får valt inn representantar til stortinget, vil få politiske parti til å drive kollektiv verksemd, med bruk av *Bridging* eller *bonding* strategiar for å mobilisere innbyggjarar til å røyste. Denne hypotesen er basert på ein teori om at politiske parti aktivt kan styrke eller svekke banda mellom parti og veljar.

Bridging strategi går ut på å fokusere på relativt ukontroversielle saker som store delar av innbyggjarane er einige i, på trass av faktorar som ulik sosial-, økonomisk og etnisk bakgrunn. Døme på slike saker kan vere viktigheita av økonomisk vekst eller å nedkjempe arbeidsledigkeit, ein vil sjeldan finne politiske parti som er imot desse sakene, men strategien går på å overtyde potensielle veljarar frå ulike sosiale grupper om at deira parti

best eigna til å få ein slik politikk gjennomført. Bridging går altså på å treffe breitt blant innbyggjarane og å fokusere på ein politikk som er lite polariserande. Parti med denne typen åtferd vert ofte kjenneteikna ved at store delar av veljarane «kjem og går» i motsetning til å ha veljarar som er lojalistar på livstid. Denne forma for strategisk åtferd er mest vanleg i land der ein har fleirtalsval og dermed gjerne har eit politisk landskap med to store parti. Dette for at du er avhengig av å få fleirtal i kvar enkelt valkrets for å vinne representantar, som fører til lav representasjon blant mindre parti, og sidan berre den som vinn kvar krets ver representerte så føler gjerne veljarar at å røyste på eit parti som er lite i den aktuelle kretsen vil vere bortkasta, sidan det i realiteten ofte er berre to parti som har moglegheita til å vinne, dette fører igjen til større oppslutning for dei store partia. Dei to store partia er avhengig av å kunne vinne valkretsar over heile landet, og må dermed treffe breitt for å få fleirtal, dette fører til at politikken gjerne vert relativ sentrumsretta. Døme på eit slikt system der bridging gjerne er fokus for dei store partia finn ein i Storbritannia, der ein har fleirtalsval i einmannskrinsar, og dei to store partia er Labour og The Conservative Party (Norris 2004).

Bonding strategi går på å mobilisere røyster frå veljarar som ein gjerne definerer som partiet sine kjerneveljarar. Ein prøver gjerne å påverke veljarar til å få ei kjensle av tilknyting til partiet som «ein av oss». Kva desse veljarane har til felles kan variere veldig men kvar enkelt gruppe har gjerne ei kjernesak der dei er relativt homogene, dette kan til dømes vere at dei er frå same «samfunnsklasse», etnisk gruppe, religiøs gruppe osv. Eller dei kan vere i homogene i form av felles ideologisk engasjement som til dømes sosialisme, nasjonalisme eller miljøengasjement. I Noreg kan døme på dette vere Senterpartiet som tradisjonelt har ei gruppe kjerneveljarar hjå norske bønder, Miljøpartiet Dei Grøne som vil appellere og byggje band til miljøengasjerte, eller Kristeleg Folkeparti som tradisjonelt har sine kjerneveljarar blant kristne personar spesielt på Sørlandet og Vestlandet. Denne type strategi er typisk meir populært nytta av politiske parti i land som har ei valordning med proporsjonal representasjon, sidan dette skaper ein mindre terskel for å vinne representasjon og makt for mindre politiske parti. I Noreg kan ein til dømes få relativt høg representasjon og hamne i ein tydeleg maktposisjon på Stortinget, utan å ha vunne ein einaste valkrets, dermed fører den norske valordninga til andre prosessar der ein ikkje må vere av dei to største partia for å få betydeleg makt på Stortinget, slik ein gjerne må i land med fleirtalsval.

Politiske parti med *bonding* strategi er gjerne sterke organisasjonar med ein tydeleg struktur, som fremmar interessene til eigne medlemmar og der medlemsmøte, gjerne i form av landsmøte som er viktige for utforminga av partiet sin politikk. Andre typiske kjenneteikn er tette sosiale grupper mellom medlemmane i partiet, og nominasjonsprosessar der partiet sjølv styrer kven som får stå på vallistene deira (og i kva rekkjefølgje), og dermed er dei som eventuelt vert innvalde til Stortinget. Denne typen strategi er effektiv i eit system med proporsjonal representasjon, sidan partia har lettare for å mobilisere sine nisjegrupper av kjerneveljarar og få mest mogleg røyster frå dei, kontra å skulle ha ein meir uklar profil der ein prøvar å appellere til alle innbyggjarar. I ei valordning med proporsjonal representasjon er det òg meir sannsynleg med ei større spreiing i det politiske landskapet, der partia er spreidde over heile det ideologiske spekteret, i motsetning til å klyngje seg rundt sentrum med mindre klare ulikheiter (Norris 2004; Østerud 2014)

Det er klart at å dele inn politiske parti som anten *bridging* eller *bonding* parti sjølvsagt vil vere ei grov simplifisering av verkelegheita, slik det alltid vil vere med idealmodellar. I praksis har nok mange parti innslag av både desse strategiane, men ein kan sjå tydelege trendar der politiske parti hallar meir mot den eine eller den andre sida. Som tidlegare nemnd er nok *bonding* meir vanleg i Noreg enn i land med ei anna type valordning, men det er klart at ein også her ser *bridging* og kanskje spesielt dei to største stortingspartia i dag; Arbeidarpartiet (med slagord som «alle skal med») og Høgre viser teikn av dette med forsøk på å være lite polariserande og å appellere til store delar av folket kontra nisjegrupper av veljarar (Norris 2004).

H3.2. Basert på strukturen i valordninga, så vel politikarar strategisk kva type insentiv ein skal legge vekt på ovanfor veljarane, i form av valprogrammet som heilheit, eller fokus på enkeltsaker.

Den andre hypotesen går på at strukturen i valordninga, og spesifikt kva type røystesetel som vert nytta, påverkar politikarar til å tenkje strategisk over kva ein skal leggje vekt på ovanfor veljarane. Dette kjem i form av om ein legg vekt på partiet og partiprogrammet i si heilheit, eller om ein skal leggje vekt på enkeltsaker, gjerne for å skilje seg ut frå andre kandidatar i same parti. Ulike typar røystesetlar kan klassifiserast i fire kategoriar, basert på kva som møter veljarane i vallokalet (Norris 2004).

Kandidat-setel: I valordningar der ein har einmannskretsar så gjev veljarar røyster til ein enkeltkandidat i sin aktuelle valkrets. Og kandidaten som har anten fleirtal eller flest stemmer vert valt inn frå kvar enkelt valkrets. I eit slikt system så viser veljarane indirekte støtte til politiske parti, alt etter tilhøyrsla til kandidaten (kan og vere sjølvstendig kandidat), men dei røyster direkte på kvar enkelt kandidat. Med denne typen røystesetel så har politikarar sterke insentiv for å fremje partifokus og vise kva parti ein høyrer til og kva partiet kan gjere for det aktuelle området, samt at kvar enkelt politikar må ha fokus på å styrke personleg støtte i sitt nærområde. Døme på ein slik stemmesetel fin ein blant anna ved parlamentsval i Storbritannia (Norris 2004).

Preferanse-setel: I valordningar der ein har fleirmannskretsar med opne lister, så gjev veljarane ein røystesetel til eit politisk parti, men ein kan uttrykkje sin preferanse for ein eller fleire kandidatar på den aktuelle partilista. På denne måten kan ein styrke eller svekkje sjansane for einskilde kandidatar til å bli innvalde, med at dei kan få ei anna plassering på partilista. Dette gjev eit moderat insentiv for kandidatar til å fokusere på spesielle saker for å skilje seg ut blant konkurrerande kandidatar i same parti. Dette er den typen røystesetel ein nytta i Noreg ved førre stortingsval, der ein hadde moglegheit til å endre listepllassering på kandidatar, eller stryke kandidatar. Men den norske ordninga er ikkje ein «rein» modell av dette då den har ei betydeleg avgrensing; for at endringane ein gjer på røystesetelen skal telje, så må endringa ved same kandidat gjerast av over halvparten av dei som røysta på dette partiet i din valkrets (Valgdirektoratet 2017; Norris 2004).

Dual-setel: I valordningar med kombinert eller blanda system, kan veljarar gje separate røystesetlar i både einmanns- og fleirmannskretsar. Døme på dette finn ein ved val i Italia, Tyskland og New Zealand (Norris 2004).

Parti-setel: I valordningar med lukka vallister kan veljarar gje ei enkeltrøyst til ei partiliste. Dei politiske partia sett då sjølv opp kven som får vere på lista og i kva rekkefølge kandidatane vert oppførde, så veljarane kan ikkje vise sine eigne preferansar for enkeltkandidatar. Dermed er nominasjonsprosessar i kvart parti avgjerande for kven som har moglegheit for å bli valde inn. I fleirmannskretsar med lukka lister er det venta at politikarar vil fokusere mest på kva partiet står for i valprogrammet, og kva dei har oppnådd som kollektiv, kontra fokus på enkeltpolitikarar og enkeltsaker. Dette kjem av at lista ikkje kan endrast og det dermed ikkje er spesielt fokus på å skilje seg ut mot andre

kandidatar i eige parti, denne interne konkurransen vert i eit slikt system oppgjort i internt i partiet før nominasjonen (Norris 2004).

I lys av desse ulike typane røystesetlar ser ein at denne delen av valordninga kan ha mykje å seie for den taktiske åtferda til politikarar, og korleis dei arbeider for å skape insentiv for å mobilisere veljarar. Der ein har ein røystesetel som gjev politikarar grunn til å skilje seg ut innanfor eige parti vil ein sjå fokus på enkeltsaker og politikarar som ofte fokuserer på desse «hjartesakene» sine. Medan om ein har ein røystesetel der ein ikkje ha noko å vinne på å peike seg ut blant sin eigne, så vil ein ha meir fokus på partiet og partiprogrammet i si heilheit.

Den norske valordninga har ved stortingsval per i dag etter denne definisjonen ein preferanse-røystesetel, på grunn av moglegheita til å endre rekjkjefølgje på kandidatane og til å stryke kandidatar. Men på grunn av avgrensinga om at over halvparten av dei som stemmer på same parti i din valkrets må gjere det same, så fungerer det i stor grad som ein parti-røystesetel. Det er klart at ein kan få utslag på dette dersom ein til dømes har ein listetopp som vert svært upopulær etter ei skandale før valet, eller dersom veljarane har ein lokal favorittkandidat som ikkje har vorte nominert som listetopp av partiet. Men generelt så vel dei politiske partia taktisk etter kven dei trur har størst popularitet i kvar enkelt valkrets, og dermed vil store utfall som følgje av endring på stemmesetelen vere relativ sjeldne. Slik eg ser det så må nok den norske røystesetelen ved stortingsval sjåast som ein hybrid av preferanse-røystesetel og parti-røystesetel, sidan avgrensingane fører til ei kraftig innskrenking av insentivet politikarar har for å skilje seg ut innan for eige parti. Det er klart at ein finn politikarar med stort fokus på enkeltsaker i Noreg, men dette vil stort sett vere saker som partiet står bak som heilheit, og mindre grad av fokus på saker som «splittar» partiet (Norris 2004).

H3.3. Basert på valordninga så vel politiske parti strategisk om ein skal leggje vekt på å nominere kandidatar med ulik- eller homogen sosial bakgrunn til val.

Den tredje hypotesen i denne modellen antydar at strukturen i valordninga og type røystesetel også påverkar mangfaldet i politisk valde organ, ved å forme rammer der politiske parti kan tene på å nominere sosialt- homogene eller ulike kandidatar til sine lister. Institusjonalisme basert på teorien om rasjonelle val antek at partia vil respondere kollektivt for å få mest mogleg røyster, og dermed nominere populære «faneberarar» til

toppen av sine vallister. Men når ein skal nominere kandidatar så har dei politiske partia avgrensa kunnskap om kva kandidatar som vil vere mest populære blant innbyggjarane. Dermed vil dei for å redusere risiko for å misse oppslutning, handle rasjonelt og som oftast nominere kjende kandidatar til nyval, og velje nye kandidatar som har same karakteristikk og er relativt like kandidatar som har vorte valde inn før. Dermed vil ein halde fast ved dagens tilstand og få ei sosialt homogen nasjonalforsamling. Sidan fleirtalet av valde politikarar mange stadar stort sett er menn over 30 år, med høgare utdanning og som hører til den etniske majoriteten i det aktuelle samfunnet, vil det vere å minimalisere risiko å nominere ein slik kandidat, kontra å ta ein «sjanse» på kandidatar som til dømes kvinner, unge eller frå ein etnisk minoritet (Norris 2004).

Men også denne prosessen kan verte påverka av valordninga og formelle valreglar. Døme på dette kan vere gjennom krav av kvotering, der ein krev at ein viss del av kandidatane på val til dømes må vere kvinner eller tilhøyra minoritetar. Og typen stemmesetel vil her vere viktig der ein i enkelte tilfelle kan verte «straffa» med lav oppslutning hjå enkeltgrupper dersom dei ikkje er representerte på partilista. Medan ein i val i einmannskretsar kan nominere ein kandidat som passar best mogleg til veljarmassen i den aktuelle valkretsen, uavhengig av korleis samansetninga av paritet då vert nasjonalt (Norris 2004).

I Noreg i dag vert det ikkje nytta noko form for kvotering ved stortingsval, men det er klart at det kan medføre risiko å nominere ein kandidat med minoritetsbakgrunn som listetopp, og dersom ein fekk ein situasjon der mange vel å stryke listetoppen til eit aktuelt parti, vil det vise at veljarane har lite tiltru til og er misnøgde med nominasjonen til partia. Men ein kan også snu dette å seie at moglegheita til å stryke eller endre på lister, gjev veljarane moglegheit til å vere lojale mot paritet sjølv om ein ikkje har sansen for dei som er nominerte på topp på den aktuelle lista.

4. Veljarar responderer til dei ulike strategiane som politiske aktørar rettar mot dei. Veljarane responderer også direkte på formelle reglar som påverkar deira rolle som innbyggjarar, dette får konsekvensar som vert tydelege om ein observerer masseåtferd.

Denne modellen føresett altså at valordninga og dei formelle valreglane (uavhengig variabel) som vist tidlegare, påverkar innbyggjarane (avhengig variabel) si rasjonelle åtferd direkte. Og ved å påverke strategiske val og åtferd blant rasjonelle politikarar(mellomliggende variabel) så får dette også indirekte påverking på innbyggjarane (Norris 2004).

Den indirekte påverknaden av valordninga kan til ei viss grad vere vanskeleg å påvise og konkretisere i forsking, sidan den går gjennom fleire ledd via andre politiske aktørar, og at strategiane til politiske parti ofte er prega av stort hemmeleghald for å ikkje røpe gode taktikkar til politiske motstandarar. Slik strategi er ofte mykje meir enn det som er openbart som reklamekampanjar retta mot publikum, men ein kan til dømes sjå på pengebruken for å finne konkrete satsingsområde osv. (Norris 2004).

Den direkte påverknaden av valordninga vert logisk nok meir konkret og kan vere lettare å sette fingeren på. Eit døme på dette kan vere at dersom ein får større valoppslutning etter å ha lagt større til rette for førehandsrøysting så kan ein tenkje seg at det grunnen til den auka veljaroppslutninga, og ein kan vidare få stadfesta eller avkrefta dette gjennom å gjennomføre spørjeundersøkingar (Norris 2004).

5. Valordningar som ingeniørkunst (electoral engineering) – å endre dei formelle valreglane – har kapasitet til å generere store konsekvensar for utfallet av eit val, gjennom å endre den strategiske åtferda til politikarar, politiske parti og innbyggjarar.

Denne modellen viser altså at valordninga og dei formelle valreglane har stor betydning for eit val. Og den sett rammene for veljarane både gjennom direkte og indirekte påverking på åtferd. Dersom ein snur på dette kan ein dermed seie at endring av desse reglane har kapasitet til å generere store konsekvensar for utfallet eit val. Sidan alle dei aktuelle aktørane reagerer rasjonelt på insentiva i valordninga så kan endringar føre til endra veljaråtferd å også ha mykje å seie for valoppslutninga. Dermed er dette viktig å ha omsyn for dersom ein vurderer eventuelle endringar. Det er mange slike endringar som kan vere aktuelle spesielt med tanke på auka valoppslutning, sidan dette vert sett på som positivt frå dei fleste politiske hald, men det er klart at om ein ser på politikarane og dei politiske partia som rasjonelle aktørar så vil dei aldri røyste for endringar som kan gå ut over deira


eiga oppslutning, og dermed kan store endringar i valordninga ofte vere vanskeleg å få fleirtal for, sidan partia er redde for ein eventuell risiko. Også andre faktorar som sikkerheita rundt valet er døme på ting som kan gjere endringar i valordninga vanskeleg, det har til dømes vore teke til orde for røysting via internett som eit tiltak for å effektivisere valet og senke terskelen for å røyste, men i lys av påstandar av hacking av val i andre land er det klart at sikkerheita til valet er ein viktig faktor som må vere avklara før eventuelle endringar.

3.2 Kulturprega åtferd

Denne modellen har fokus på korleis kulturell modernisering og vaneprega åtferd er ein viktig faktor om ein skal vurdere veljaråtferd. Slike trendar kan ha djupe røter som er kome over tid og kan vere prega av ulike trekk som lojalitet, idealisme og normer i sosiale grupper. Modellen hevdar at veljarar kan late vere å respondere rasjonelt på trass av lovnad om politiske «gulerøter» som kan gagne dei i form av personleg vinning. Her er altså fokuset ikkje egosentriske val etter personlege insentiv, men val basert på ideologi, sosial bakgrunn, oppvekst og kultur. Eg vil fyrst syne modellen slik Norris (2004) beskriv den, for så å diskutere dette punktvis.

3.2.1 Presentasjon av modell

Figur 2
(Norris 2004
s.17 omsett
til nynorsk)



1. *Samfunnsmessig modernisering:*

Prosessen med samfunnsmessig modernisering utviklar samfunnsstrukturen gjennom føreseielege trendar. Spesielt skifte frå industrielle til postindustrielle samfunn er forbunde med aukande grad av human kapital (utdanning, lese- og skriveferdigheiter og kognitive evner).

2. *Politisk kultur:*

Samfunnsmessig modernisering har stor innverknad på den politiske kulturen. Med nye sider av politikken som vert aktuelle for innbyggjarar i eit postindustrielt samfunn. Denne teorien spår at det vil være eit markant skilje for hovudtrekka i politikken i eit postindustrielt kontra eit industrielt samfunn, spesielt med tanke på viktigheita av sosial identitet, partilojalitet og trendar som fører til veljarmobilisering.

3. *Sosialiseringssprosess:*

Politisk kultur vert formidla gjennom sosialiseringssprosessen i barne- og ungdomsåra, inkludert tileigninga av vanedannande sosiale normer og verdiar. Handlingsmønsteret hjå både politisk elite og innbyggjarar vert i større grad styrt av kjenslemessig motivasjon og vanar, i motsetning til strategisk handling for eiga vinning.

4. *Electoral engineering:*

Valordningar som ingeniørkunst (electoral engineering) har avgrensa evne til å skape kortsigtige endringar i politisk åtferd, sjølv om reformar truleg vil ha kumulativ innverknad på lengre sikt når nye generasjonar veks opp under nye sett av reglar.

3.2.2 Forklaring og drøfting

1. Samfunnsmessig modernisering

Teoriar basert på kulturell modernisering startar med eit premiss om at økonomiske, kulturelle og politiske endringar påverkar kvarande og heng saman, slik at industrialisering dreg med seg fleire andre prosessar som får betydning for den generelle samfunnsutviklinga. Vidare legg dei vekt på at masseåtferd hjå veljarar vert tydeleg påverka av samfunnsutviklinga generelt, og spesielt spreiainga av human kapital i overgangen frå jordbruksamfunn, til industrielt- og vidare til postindustrielt samfunn. Grunnen til dette er at samfunnsutviklinga sjølvsagt påverkar veljarane og deira kvardag, dermed kan dette påverke kven dei vil skal styre.

Også i Noreg har ein hatt ei utvikling med færre personar som jobbar i primærnæringane, og stadig fleire som arbeider i servicesektoren og får høgare utdanning. Det er klart at dette vil vere ein ganske ulik kvardag og at prioriteringane ein sett høgt i dag, eller problema ein ser i kvardagen også gjerne vil vere frå ein heilt annan ståstad. Eit anna døme som kan vere typisk for korleis samfunnsmessig utvikling kan endre veljaråtferd er gjennom nedbygging og robotisering av industrien, mange industribedrifter har tradisjonelt vore store arbeidsplassar med mange arbeidarar på «golvet», dette har tradisjonelt vore kjerneveljarar for Arbeidarpartiet og sosialistisk side av politikken i Noreg. Men med auka konkurranse frå lavkostnadsland og endringar i arbeidslivet har mange typisk norske lokale industrisamfunn utvikla seg og fått ein langt større variasjon av type arbeidsplassar. Ein ser dermed at utviklinga av heile samfunnet i eit land kan ha stor betydning for valoppslutninga, og den kan svinge med folkeleg engasjement eller kva som opptek og påverkar innbyggjarane til ei kvar tid (Norris 2004).

2. Politisk kultur

Modellen viser vidare at moderniseringa vil påverke, og ha tydelege konsekvensar for den politiske kulturen, spesielt ventar ein at postindustrielle samfunn vil ha eit skifte i normer og verdiar, som vil vere viktig for utviklinga av ny politikk retta mot innbyggjarane. Med auka velstand og levestandard får ein større fokus på livskvalitet, sjølvrealisering og miljøspørsmål, ein sett dermed større krav til staten og statsforvaltninga enn i eit mindre utvikla samfunn. Vidare peikar teorien på at innbyggjarar vil söke enklare og meir direkte former for påverking mot statsmakta, slik som aksjonar, protestar og demonstrasjonar. Men den viktigaste endringa ein ventar å sjå som følgje av moderniseringa si påverking på politisk kultur, går på lojaliteten mellom veljar og parti. Ein forventar at innbyggjarar i mindre grad vil ha ein sosial identitet som er knytt til parti, og at ein vil gå mot meir laus og skiftande støtte til partia, basert på faktorar som at ein likar enkelte framståande politikarar, saker eller hendingar (Norris 2004).

Auka utdanningsgrad og kognitive evner hjå innbyggjarane, kombinert med teknologisk utvikling fører til større mengder og meir variert informasjon gjennom utviklinga i massemedia og sosiale medium. Dette gjev nye kanalar for input og påverking, som vil ha konsekvensar for alle politiske aktørar og deira forhold til veljarmassane. Dermed ser ein at sosial modernisering si påverking på dei politiske kulturen kan ha stor betyding både for valoppslutninga og utfallet av eit val (Norris 2004).

3. Sosialiseringssprosess

Denne delen av modellen går på at kulturprega åtferd er basert på ein sosialiseringssprosess som alle personar i eit gitt samfunn går igjennom. Ein set føre at sosiale og politiske verdiar vert tileigna og utvikla frå barne og ungdomsåra, påverka av innflytelse frå familie, vennar, naboor, og seinare kollegaer. Eigne verdiar og normer vert forma haldningane og kulturen i miljøet der ein veks opp, og teorien går på at ein tek med seg desse verdiane gjennom livet sjølv om institusjonelle faktorar endrar seg. Denne kulturelle tilnærminga peikar mot at vane- og kulturdrivne mønster i veljaråtferd utviklar seg sakte og vil halde fram på trass av formelle endringar i valordninga/formelle reglar. Kulturen vil tilpasse seg endringar og halde på dominerande handlingsmønster gjennom felles verdiar og verkelegheitsoppfatning.

Teorien peikar mot at politisk åtferd er forma av ein sosialiseringssprosess med mange komplekse faktorar, spesielt kjenslemessig orientering mot dominerande verdiar, stillteiande normer og haldningar i samfunnet. Ein kan sjå at mange veljarar deltek ved val på trass av at dei har lite kjennskap til og innblikk i dei ulike partia sitt partiprogram. Veljarane si åtferd vert styrt av kjenslemessig identifisering med politiske parti, ideologiske snarvegar og tradisjonelle band mellom parti og sosiale grupper basert på ting som samfunnsklasse, etnisitet og regional identitet. Dermed ser ein at veljarane ikkje nødvendigvis handlar rasjonelt på jakt etter eiga vinning, men kan faktisk handle irrasjonelt basert på kultur, verdiar, vaner og normer (Norris 2004).

4. Electoral engineering

Denne modellen syner at endringar i valordninga (electoral engineering) har svært avgrensa evne til å endre politisk åtferd og veljaroppslutning. Den politiske kulturen er dominerande for både innbyggjarar og politikarar, og styrer åtferda deira bevisst og ubevisst. På grunn av dette kan det ta lang tid før ein vil sjå eventuelle konsekvensar av formelle endringar, veljarar og politikarar vil halde på sitt handlingsmønster, og det er først når ein får ein ny generasjon som har vakse opp med dei nye endringane ein kan vente å sjå særlege effektar.

Eit typisk døme på dette er innføringa av stemmerett for kvinner i vestlege representative demokrati, dette førte til eit drastisk fall i valoppslutninga sidan det vart mange fleire som fekk stemmerett, men denne gruppa hadde ikkje kultur og vane for å røyste. Det gjekk mange tiår før ein såg ei utjamning av dette, når nye generasjonar kvinner som hadde vakse opp vitande om at dei kunne røyste kom til. Sosialiseringssprosessen i dei unge åra av livet er altså avgjerande viktig for åtferda, og ein kan ikkje vente store endringar i kultur og masseåtferd «over natta» (Norris 2004).

Vidare ser ein at suksessfulle politiske parti vil følgje med kulturelle og sosiale strøymingar i samtidia etter mønster frå åtferda i veljarmassane som dei er avhengige av for å få makt, kontra å prøve å styre eller endre på dette med formelle reglar og lover (Norris 2004).

4.0 Avslutning

Når ein ser desse modellane opp mot kvarandre for å forklare kva som mobiliserer veljarar til å røyste ved stortingsval er det freistande å lene seg på dei klart avgrensa og logiske rammene av rasjonell åtferd. Der har ein lover og naturlege insentiv som er gode argument for å forklare kvifor folk handlar slik dei gjer. Det er klart at det er rasjonelt og logisk at ein vil vere med å styre over ting som får betydning for kvar enkelt, og dermed er det like rasjonelt at ein ikkje bryr seg om å røyste dersom ein sitt med eit intrykk av at det har lite å seie for «meg» kven som styrer, eller at enkeltpersonen føler at si røyst har for lite innflytelse for utfallet uansett, dermed vert insentivet svært lite og ein bryr seg ikkje om å røyste. Slik sett kan ein sjå mot rasjonell åtferd for å forklare både høg og lav valoppslutning (Norris 2004; Østerud 2014).

Men ein skal ikkje undervurdere viktigheita av kultur og sosiale normer si avgjerande påverking på menneskeleg åtferd. Dette er på mange måtar meir abstrakt og kan vere vanskelegare å påvise og dokumentere, men det er klart at det spelar ei viktig rolle som nok vert spesielt tydeleg om ein ser på masseåtferd.

Ein kan til dømes sjå på prosessen der britane forsøkte demokratisering av tidlegare koloniar. Ein tenkte at ein kunne innføre dei same reglane og få eit «Westminster parlament» i desse landa, men å implementere dette i ein heilt annan kultur vart vanskeleg, og mange av desse landa har enda ikkje fungerande representativt demokrati i dag. Kultur, normer og vane drivne handlingar stikk djupt og er utvikla over tid. Ein kan få totalt ulike utfall av formelle reglar i ulike samfunn, sjølv om reglane er dei same så vil kulturen vere annleis og dermed vil åtferda og responsen på formelle reglar ikkje vere den same (Norris 2004; Østerud 2014).

Slik eg ser det så viser desse modellane viktige faktorar som er grunnlag for veljaroppslutning, det er vanskeleg å peike på noko som spesielt viktigare enn det andre, men det er avgjerande å kunne sjå og forstå begge desse sidene av saka. Spesielt med tanke på eventuelle tiltak for auke veljaroppslutning, det vere seg endring i valordninga og dei formelle valreglane eller andre mobiliseringstiltak, så er det viktig at ein har begge desse påverkingsfaktorane i tankane og er bevisst dei for å få ein ønska utfall.

Kjelder

Grindheim, Jan Erik, Knut Heidar og Kaare W. Strøm. 2017 *Norsk Politikk*.

Oslo: Universitetsforlaget

Grunnlova. 1814. *Kongeriket Noregs grunnlov*. 17.5.1814

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn>

Hanssen, Gro Sandkjær, Marit Kristine Helgesen og Signy Irene Vabo. 2011 3. utg.

Politikk og demokrati. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Narud, Hanne Marthe og Henry Valen. 2007. 1. Utg. *Demokrati og ansvar*.

Oslo: N.W. Damm & Søn

Norris, Pippa. 2004. *Electoral Engineering*.

New York, NY: Cambridge University Press

Statistisk Sentralbyrå. 2017. *Stortingsvalget, valgdeltakelse*. Lest 4.5.2018

<https://www.ssb.no/valg/statistikker/valgdeltakelse>

Thorsen, Dag Einar, Palle Svensson og Kjell-Olav Hovde. 2018, 20. februar. *Demokrati*.

I Store norske leksikon. <https://snl.no/demokrati>. Lest 2.5.2018

Valgdirektoratet. 2017. *Stortings- og sametingsvalget 2017*.

<https://valg.no/globalassets/dokumenter/valgmateriell/informasjonsbrosjyrer/valgbrøsjiyre-bokmal.pdf> Lest 5.5.2018

Valgloven. 2002. *Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven)*.

28.6.2002 nr. 57 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-28-57>

Østerud, Øyvind. 2014. 5. Utg. *Statsvitenskap*.

Oslo: Universitetsforlaget